

## FAKTA OM BRASIL (kan også brukast i ein quiz)

- Brasil er det største landet i Sør-Amerika.
- Brasil er det einaste landet i Sør-Amerika med portugisisk som nasjonalt språk.
- Portugal gjorde krav på landet i 1500. Brasil vart uavhengig i 1822 (og feirar 200-års jubileum i 2022).
- Brasil er det femte største landet i verda, både når det gjeld innbyggjartal og storleik.
- Det bur om lag 210 millionar menneske i Brasil.
- Hovudstaden heiter Brasilia, mens den største byen er Sao Paolo (sjå fakta nedanfor).
- Brasil har 3 tidssoner.
- Kystlinja er ca. 7500 km. Men dersom ein samanliknar med vårt land og tek med alle fjordar og viker (men ikkje øyar), har Noreg over tre gongar så lang kystline som Brasil (ca. 25000 km).
- Brasil har nokre verdas flottaste og mest berømte strender (td. Copacabana i Rio).
- Brasil har grense til alle land i Sør-Amerika unntatt Equador og Chile.
- Arealet utgjer omlag halvparten av Sør-Amerika (47%).
- Brasil er ein av dei største økonomiane i verda.
- Brasil er verdas største eksportør av kaffi.
- Det mest vanlege etternamnet i landet er Silva.
- Brasil har om lag 4000 flyplassar, det er berre USA som har fleire i verda.
- I Amazonas, verdas største regnskog, reknar ein med at det bur om lag 70 stammar med folk som ein aldri har fått kontakt med.
- Elva Amazonas er verdas nest lengste (etter Nilen), men størst når det gjeld volumet av vatnet som renn i elva. Amazonas står for om lag 1/5 av den samla vassføringa i alle elvane som finst i verda.
- Namnet Brasil kjem frå ein tresort i regnskogen som heiter Brazilwood. Denne tresorten blir nytta til fiolin-, bratsj- og cellobogar, faktisk heilt sidan Mozart si tid, og vert i dag brukt i symfoniorkester over heile verda.
- 21 stader i Brasil står på UNESCO si verdsarvliste.
- Brasil har fleire typar apekattar enn noko anna land i verda.
- Berre 6,4 millionar turistar kjem til Brasil kvart år. Det er det lågaste besøkstalet i verda i høve folketalet.
- Men til det årlege karnevalet i Rio de Janeiro kjem det 2 millionar festglade folk kvar dag (frå både Brasil og andre land).
- Fotball er den mest populære idretten i landet. Brasil har delteke i samtlege VM i fotball for menn og har vunne flest gonger av alle (5).
- Den brasilianske fotballspelaren Pelé (77 år) er ein av verdas absolutt beste. Han har scora flest mål av alle i heile verda (i offisielle fotballkampar).
- Brasil er også den mest suksessrike volleyballnasjonen med 4 gull i OL (2 for kvinner og 2 for menn), og 3 VM-gull (menn).
- Capoeira er ein brasiliansk kampsport med afrikanske røter som gjer mykje bruka av rytmar.
- Kampsporten MMA (Mixed Martial Arts) den største idretten i Brasil etter fotball.
- Brasil har den 5. dyraste Big Mac'en i verda (Sveits er dyrast).

## FAKTA OM SAO PAOLO

- Sao Paolo har om lag 12 millionar innbyggjarar og er den største byen i Brasil.
- Sao Paolo er den femte største byen i verda, den største byen på det amerikanske kontinentet og den største byen på den sørlege halvkula.
- Sao Paolo er også den byen på den sørlege halvkula som har den største økonomien (og den 11. største i verda).
- Sao Paolo har heile 217 sjukehus og 130.000 menneske arbeider i helsevesenet i byen.
- Sao Paolo er den byen i verda som har flest helikopter, og kvar dag er det om lag 2000 helikopterturar i byen.
- Sao Paolo ligg også i verdstoppen når det gjeld trafikkaos. Rekorden er frå 15. november 2013 då det var tilsaman 309 km med kø i kveldsrushet.
- Gabriela kjem frå Sao Paolo.